



Eva Megyesi er imponerende aktiv og dyktig på konsertfronten. Her etter ein konsert i Uskedal kyrkje i haust.

**Etter to svært godt besøkte konsertar i Uskedal kyrkje og ein konsert i Rosendal, forflyttar no Eva Megyesi seg til Husnes kyrkje og arrangerer ein ny konsert der tirsdag 15.november kl.19. Sjølv om Eva sine framifrå orgelframføringar er sentrale også denne gongen, har ho også no med seg svært spennande gjester.**

Linas Dakinevicius er lærar i kulturskulen og profesjonell musikar. Her i Uskedalen er han mest kjend som lærar for aspirantane til skulekorpset. Elles jobbar han både som korpsdirigent og kordirigent. Spesialinstrumentet hans er waldhorn. Dette nydeleg messinginstrumentet med den mjuke, gode klangen er sjeldan vare i Kvinnherad. Å høyra Linas spela i Husnes kyrkje vert garantert ei god oppleving.

Linas Dakinevicius er dirigent for Husnes Blandakor. Dei skal bidra med vakker korsang på konserten. Solosong vert det også. Vi har høyrt at Reidar Ådnanes er ein framifrå songar. Han vert den tredje soknepresten som opptrer med solosong under haustens festivalturnè. Vi ser fram til å høyra også han.

Med slike gjester kjem Eva Megyesi til å by på ein ny, flott kyrkjekonsert. Sjølv leverer ho alltid orgelspel til 12 på ein skala frå 1 til 10!

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland